

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
041/2019	Formannskapet i Radøy	PS	19.09.2019
025/2019	Kommunestyret i Radøy	PS	03.10.2019

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Olaf Michal Hella	18/925	19/13037

Oppfølging av forvaltningsrevisjon "Tidleg innsats i oppvekstsektoren"

Saksopplysingar:

Bakgrunn

Kommunestyret handsama 20. juni 2019 sak 007/2019 - 19/9435 - Forvaltningsrevisjon - tidleg innsats i oppvekstsektoren. Kommunestyret bad om ei tilbakemelding på korleis rapporten vert følgd opp.

Vedtak frå kommunestyret 20.06.19:

«Kommunestyret sluttar seg til revisjonen sine konklusjonar og tilrådingar. Kommunestyret ber rådmannen følgja opp forvaltningsrapporten i samarbeid med dei andre kommunane som skal inn i Alver kommune. Kommunestyret ønskjer at ein tverrfagleg fokus, som konseptet La linea byggjer på, vert vektlagt i arbeidet med utvikling og utøving av tenester innan barnehage, skule og helse for barn og unge i Alver kommune. Innan 1. oktober 2019 vert rådmannen beden om å koma med ei tilbakemelding til kommunestyret / fellesnemnda om korleis tilrådingane i rapporten vert planlagt følgd opp.»

Radøy kommune har siste året hatt fullt fokus på å byggje gode rutinar for oppfølging og fagleg utvikling i Alver kommune. Merknadane i forvaltningsrevisjonen vert teke inn i det systematiske arbeidet for å sikre tidleg innsats og god oppfølging av alle barn og elevar i oppvekstsektoren. Rapporten frå forvaltningsrevisjonen vert såleis viktig for å sikre ei vidareføring av det gode tverrfaglege arbeidet ein har gjort i Radøy kommune gjennom mange år.

Vurdering:

Tilbakemeldingane vert teke inn i arbeidet med å vidareutvikle eit godt systematisk arbeid inn i Alver kommune. Forvaltningsrevisjonen peikar på at mykje bra arbeid vert gjort i Radøy og at dette må ein byggje vidare på.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram til orientering.

Formannskapet i Radøy - 041/2019

FS - handsaming:

Formannskapet tok tilbakemelding om oppfølging av forvaltningsrapport om "Tidleg innsats i oppvekstsektoren" til orientering.

FS - vedtak:

Tilbakemelding om oppfølging av forvaltningsrapport om "Tidleg innsats i oppvekstsektoren" vert tatt til orientering.

Kommunestyret i Radøy - 025/2019

KS - handsaming:

Kommunestyret tok formannskapet si tilråding til orientering.

KS - vedtak:

Tilbakemelding om oppfølging av forvaltningsrapport om "Tidleg innsats i oppvekstsektoren" vert tatt til orientering.